

KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 2382/2002

2005/EØS/58/19

av 30. desember 2002

om endring av forordning (EØF) nr. 94/92 om nærmere regler for gjennomføring av ordningen med import fra tredjestater, omhandlet i rådsforordning (EØF) nr. 2092/91(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPAHAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2092/91 av 24. juni 1991 om økologisk produksjonsmetode for landbruksprodukter og slik angivelse på landbruksprodukter og næringsmidler⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 473/2001⁽²⁾, særleg artikkel 11 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Lista over tredjestatar som visse økologisk framstillede landbruksprodukt opphavleg må kome frå for å kunne marknadsførast i Fellesskapet, slik det er fastsett i artikkel 11 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 2092/91, er førd opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EØF) nr. 94/92⁽³⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 1162/2002⁽⁴⁾. Denne lista vart utarbeidd i samsvar med artikkel 11 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 2092/91.
- 2) Fristen for oppføring av Sveits i den lista som er fastsett i artikkel 11 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 2092/91, går ut 31. desember 2002. Fristen for oppføring av Argentina, Australia, Den tsjekkiske republikken, Ungarn og Israel går ut 30. juni 2003. For å unngå skiplingar i handelen bør fristen difor lengjast for oppføringa av desse statane.
- 3) Dei aktuelle tredjestatane har gjeve Kommissjonen dei opplysningane som er naudsynte med omsyn til gjennomføringa av reglar som svarar til reglane i forordning

(EØF) nr. 94/92. Dessutan er den faktiske gjennomføringa vorten kontrollert ved granskingar som Kommissjonen har utført på staden i dei aktuelle tredjestatane.

- 4) Dei ungarske styresmakene har meldt frå til Kommissjonen om at eit av organa for kontroll og utferding av sertifikat har lagt ned verksemda si i Ungarn. Namnet på dette organet bør difor strykast frå vedlegget til forordning (EØF) nr. 94/92.
- 5) Forordning (EØF) nr. 94/92 bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er nemnt i artikkel 14 i forordning (EØF) nr. 2092/91 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegget til forordning (EØF) nr. 94/92 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 1. januar 2003.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 30. desember 2002.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 358 av 31.12.2002, s. 120, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 142/2003 av 7. november 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 7 av 12.2.2004, s. 21.

⁽¹⁾ TEF L 198 av 22.7.1991, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 75 av 16.3.2002, s. 21.

⁽³⁾ TEF L 11 av 17.1.1992, s. 14.

⁽⁴⁾ TEF L 170 av 29.6.2002, s. 44.

VEDLEGG

I vedlegget til forordning (EØF) nr. 94/92 vert det gjort følgjande endringar:

1. I teksta som gjeld Argentina, Australia, Den tsjekkiske republikken, Ungarn, Israel og Sveits, skal nr. 5 lyde:
«5. **Frist for oppføring:** 30. juni 2008.»
 2. I teksta som gjeld Ungarn,
 - går «og SKAL» i nr. 3 ut,
 - går «og SKAL (kontoret i Ungarn)» i nr. 4 ut.
-